

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø (Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)

**Sendt:** 06.01.2015 09:18:22

**Til:** Yvonne.Solbakken@bergen.kommune.no

**Kopi:**

**Emne:** Rapportering SFO Løvås skole

**Vedlegg:**

Til Løvås skole

Hei Yvonne.

#### **Om økonomirapportering på prosjekta Helsefremjande nærmiljøkvalitetar – SFO.**

Syner til tidlegare kontakt om rapportering. Eg har no fått tilbakemelding frå Helsedirektoratet på om det er muleg å få utsett rapporteringsfrist på nokre av prosjekta som ikkje har nytta midlane fullt ut i 2014.

Tilbakemeldinga er at Hordaland fylkeskommune bør legge inn merknad om utsett frist i den rapporteringa vi skal sende samla for alle prosjekta pr. 31. jan 2015. Her må vi skrive inn behov for utsett rapporteringsfrist for dei einsskild prosjekta som treng dette, og med dato for endeleg sluttrapportering.

Dette inneberer at du har litt tid på deg framleis på å sende rapporten. Eg må få rapporten om økonomi frå dykk seinast den 27. 01. Sidan de planlegg to samlingar seinare enn dette så oppgje også dato for når de har planlagt å bruke pengane og kan sende endeleg sluttrapportering. Rapporteringa er i tråd med statlege rapporteringskrav.

Ta kontakt om du har spørsmål.

Med beste helsing

Else-Marie Aarø  
Spesialrådgjevar Folkehelse  
Regionalavdelinga | Utviklingsseksjonen

Mob: 924 79 790//tlf. 55 37 80 29

e-post: [else-marie.aaro@hfk.no](mailto:else-marie.aaro@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)